

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8734-45
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19732/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 27.03.2019

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 8. april

Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru - status og vidare arbeid

Fylkesrådmannen ønskjer med dette notatet å gi fylkesutvalet ei oppdatering på status for arbeidet med prosjektet, samt å skissere vegen vidare.

Prosjektet fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru er eit prosjekt med høg politisk prioritet og merksemd. Det har teke tid å få dei nødvendige godkjenningane frå departementa og framleis er ikkje alle avklaringar på plass.

Fylkesrådmannen vil understreke at framdrifta i prosjektet ikkje har vore påverka av manglande avklaringar frå Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det vil vere ein stor fordel om den prosjektorganisasjonen i Statens vegvesen (SVV) som arbeider med prosjektet ønskjer å bli med over i Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. Det er såleis viktig at det ikkje blir skapt unødige uvisse knytt til ambisjonen om at prosjektet skal realiserast.

Det er usikkert når vi får endeleg svar frå KMD om ferjeavløysingsmidlar. Fylkesrådmannen er likevel innstilt på leggje fram ei sak for fylkestinget i juni. Ei slik sak må då ta utgangspunkt i ei endeleg tilbakemelding frå KMD (dersom vi får denne), eller den førebelse utrekninga vi alt har fått med atterhald om at denne kan bli litt justert.

Søknad om ferjeavløysing for Ytre Steinsund vart sendt SVV 20. desember 2017. I søknaden vart det skissert ein framdriftsplan med prosjektering i 2018 og anbudsutlysning og byggeperiode i 2019-2021. I september 2018 vart prosjektet formelt godkjent som ferjeavløysingsprosjekt av Samferdsledepartementet (SD). I brevet frå SD vart det sagt at:

«Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i eige brev til fylkeskommunen opplysa om årleg sum for ferjeavløysingsmidlane og kor lang utbetalingstid som vert lagt til grunn for prosjektet»

I følgje retningslinjene for ferjeavløysingsordninga skal fylkestinget stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden er behandla av departementa.

Fylkeskommunen har fleire gonger i løpet av 2018 etterspurt svar frå KMD. I ei tilbakemelding frå 22. oktober 2018 vart det sagt følgjande:

«I Prop. 1 2019 er det foreslått en utvidelse av ferjeavløsningsordningen, som vil påvirke utbetalingen av ferjeavløsningsmidler. Vi vil sende brev til fylkeskommunen med endelig beløp med årlige ferjeavløsningsmidler, samt utbetalingstid, når forslaget er behandlet av Stortinget».

I desember 2018 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

«Fylkestinget viser til svarbrev frå samferdsledepartementet 13. september og stadfestar at bru over Ytre Steinsund skal realiserast. Det vert starta arbeid med prosjektering i 2019 med mål om byggjestart i 2020».

Tidleg i mars 2019 tok vi på nytt kontakt med KMD. Tilbakemeldinga er at dei er kjend med at vi ventar svar, og at dei vil kome tilbake med svar så snart dei kan. KMD syner vidare til at Stortinget ved behandlinga av statsbudsjettet for 2019 fatta eit nytt anmodningsvedtak om renteutgifter som no er under behandling. Anmodningsvedtaket er utforma slik:

«Stortinget ber regjeringen foreslå mulige endringer av ferjeavløsningsordningen slik at kapitalkostnader i mer fleksibel grad enn i dag kan dekkes av staten for fylkesveisamband.»

Regjeringa kjem truleg tilbake til Stortinget om ferjeavløsningsordninga våren 2019 med påfølgjande behandling i Stortinget i juni.

Når det gjeld framdrift i sjølvve investeringsprosjektet, er det i budsjett 2019 løyvd 5 mill. kr til prosjektering. SVV er bedne om å prioritere dette arbeidet slik at fylkestinget sitt mål om byggestart i 2020 kan nåast.

SVV melder at dei no er godt i gang med arbeidet. Det er peika ut prosjektleiar og andre ressursar som skal jobbe vidare med prosjektering. Arbeidet startar opp for fullt etter påske. Det er mykje som skal undersøkjast (grunnforhold, vind, bølger mv).

Etter påske vil SVV og starte arbeidet med å vurdere kontraktsstrategi, dvs. om vi skal gå for einingspriskontrakt eller totalentreprise. Dersom vi går for totalentreprise, kan vi klare å lyse ut arbeidet sommaren 2020. Dersom vi vel vanleg einingspriskontrakt, vil vi bruke noko lengre tid før utlysing. Kva kontraktform som er aktuell vil vere ei fagleg vurdering der fleire forhold spelar inn. SVV vil kunne seie noko nærare om utlysingstidspunktet sommaren 2019. Det er føresett ca. 4 års byggetid for prosjektet.

Fylkesrådmannen vil understreke at framdrifta i prosjektet, frå vi fekk godkjenning av SD i sept.-18 og fram til no, ikkje har vore påverka av manglande avklaringar frå KMD.

Fylkesrådmannen ser på prosjektet som eit «oppstarta» prosjekt som skal ha full framdrift med prosjektering, utlysing og bygging. Dette må også sjåast i samanheng med at fylkeskommunen skal overta ansvaret for gjennomføringa frå 1.1.2020, då som ein del av avviklinga av sams vegadministrasjon. Det vil vere ein stor fordel at den prosjektorganisasjonen i SVV som no arbeider med prosjektet ønskjer å bli med over til Vestland fylkeskommune. Det er såleis viktig at det ikkje blir skapt unødig uvisse knytt til ambisjonen om at prosjektet skal realiserast.

Fylkesrådmannen ser ut frå dette at det vil vere ein fordel om fylkestinget kan gjere eit endeleg vedtaket om prosjektet no i juni.

Det er usikkert når vi får endeleg svar frå KMD, jf. at det vert vurdert endring i ferjeavløsningsordninga ut frå siste anmodningsvedtak. Fylkesrådmannen er likevel innstilt på leggje fram ei sak for fylkestinget i juni. Ei slik sak må då ta utgangspunkt i ei endeleg tilbakemelding frå KMD (dersom vi får denne), eller dei førebelse utrekningane vi har fått frå KMD med atterhald om ev. justeringar som følgjer av endeleg vedtak i KMD.

Bakgrunn for at fylkesrådmannen finn dette forsvarleg er at det staten no vurderer er ei utviding av ferjeavløsningsordninga som uansett utfall berre vil kunne forbetre finansieringa av prosjektet. Vidare vil dei endringane som vert vurderte truleg berre ha betydning for i kor mange år vi vil få utbetalt ferjeavløsningsmidlar. Vi er ikkje kjent med at det vert vurdert endringar som vil gjere at det årlege ferjeavløsningsbeløpet som KMD har førebels har berekna vert redusert.

Dette til fylkesutvalet si orientering.